

**Fra:** Anne Kari Skogerbø  
[anne.kari.skogerbo@hjemmeland.kommune.no]  
**Sendt:** 21. november 2014 10:57  
**Til:** Postmottak LMD  
**Emne:** HØRING AV NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL AVLØYSING VED  
SJUKDOM OG FØDSEL MV - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE  
**Vedlegg:** HØYRING AV FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG  
AVLØYSARTILSKOT I JORDBRUKET - UTTALE FRÅ HJELMELAND  
KOMMUNE.pdf; HØYRING - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM  
PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT.pdf

**Oppfølgingsflagg:** Følg opp  
**Status for flagg:** Fullført

Det kongelige landbruks- og matdepartement

**Dykkar ref..**  
14/1674

**Vår ref.**  
14/904-22/14/16138

**Arkivkode:**  
K1 - 000

**Dato:**  
20.11.2014

## **HØRING AV NY FORSKRIFT OM TILSKOT TIL AVLØYSING VED SJUKDOM OG FØDSEL MV - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE**

Hjemmeland kommune viser til høyringsforslaget som vart sendt frå dykk 17.10.14. Rådmannen ser at dei endringane i høyringsforslaget som me i hovudsak har merknadar til, er i prinsipp dei same som me hadde merknadar til i høyringsforslaget for ny «forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot». Hjemmeland kommune sende den høyringa i brev av 21.10.14 etter behandling i areal- og forvaltningsutvalet 14.10.14. (sjå vedlegg for å underbygge denne høyringa).

Pga. at ein då hadde saka til politisk behandling og det er dei same momenta ein påpeikar no, er denne høyringa behandla administrativt, og blir referert politisk.

Forslaget til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot vart og drøfta i kommunen si støtte- og referansegruppe for landbruket. Denne gruppa består av representantar frå bondelaget, bonde- og småbrukarlaget, skogeigarlaget, administrasjonen og politisk hald. Der vart dei same momenta påpeika som i høyringsuttalen som politikarane i areal- og forvaltningsutvalet vedtok.

Hjemmeland kommune har følgjande merknadar, som og er i samsvar med merknadane til høyringsforslaget til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot:

### *Generelle vilkår, § 3.*

*Hjemmeland kommune meiner at eit grunnvilkår for å kunne søkje produksjonstilskot og avløysartilskot er at produksjonen skjer på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom. Me meiner difor at dette grunnvilkåret og må bestå i forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. Dette for å hindra rein industriproduksjon, og for å byggja opp under landbrukseigedommen som grunnlaget for landbruksdrift i distrikta. **Dette grunnvilkåret er avgjerande for å sikra norsk landbruk si framtid.***

### *Søknad (og utbetaling) § 8*

*Hjemmeland kommune meiner her, som ved høring av forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot, at det framleis må kunna utbetalast tilskot til avløysarlag.*

*Dette for å ikkje å undergrava eksistensgrunnlaget for avløysarlaga. Avløysarlaga er svært viktige bla pga. at dei i dag kan yte hjelp med likviditet for søkjar i perioden til tilskotet vert utbetalt (ved at løn til avløysar vert betalt ut frå avløysarlag og avløysarlaget held pengane fram til tilskotet vert utbetalt), og hjelp og informasjon om ordninga og ikkje minst drift av landbruksvikarordninga.*

Utover dette vil Hjelmeland kommune presisere at i § 8 søknad, må søknadsfrist vere “ 3 månadar etter siste dag som gjev rett til tilskot”, og ikkje “3 månadar etter dagen avløysinga fann stad”. Dette for å presisere at fristen er 3 månadar etter den dagen ein har rett til tilskot, sjølv om ein ikkje har nytta seg av retten til å leige inn avløysing alle dagane f.eks. i ein sjukemeldingsperiode.

Med helsing  
Plan og forvaltning

Haldis K. Nilsen  
Plan og forvaltningssjef

Skogerbø, Anne Kari  
fagkonsulent landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

**Vedlegg:**

HØYRING AV FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT I  
JORDBRUKET - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE  
HØYRING - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG  
AVLØYSARTILSKOT



Det kongelige landbruks- og matdepartement

Dykkar ref..

Vår ref.  
14/904-18/14/14527

Arkivkode:  
K1 - 000

Dato:  
21.10.2014

## HØYRING AV FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT I JORDBRUKET - UTTALE FRÅ HJELMELAND KOMMUNE

Forslaget til ny forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot har vore til behandling i areal- og forvaltningsutvalet, og Hjelmeland kommune har etter dette gitt følgjande uttale i saka:

### **AFU-Vedtak:**

*Hjelmeland kommune har følgjande merknader til forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie/fritid:*

*Føremålet med den nye forskrift er blant anna å få ei forenkling. Det har ein til ei viss grad oppnådd, men kommunen vil peike på at den gjennomgåande tonen i forslaget er at det er mindre formalkrav til søkjaren/søknaden. Dette kan sjåast på som ei forenkling, men vil vera meir arbeidskrevjande for forvaltninga fordi det medfører ein større og meir omfattande bruk av skjønn. Reglar som krev skjønnsvurdering er også vanskelegare for bøndene å forhalda seg til.*

*Grunnvilkår om produksjon på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom må oppretthaldast. Dette for å hindra rein industriproduksjon, og for å byggja opp under landbrukseigedommen som grunnlaget for landbruksdrift i distrikta. **Dette grunnvilkåret er avgjerande for å sikra norsk landbruk si framtid.***

*Fjerning av særreglane for samdrifter krev overgangsordningar i forhold til areal- og beitetilskot.*

*Miljøkrav som gjeld vegetasjonssoner langs vassdrag må anten vera knytt til eit min. avstandskrav frå vassdraget eller knytast til gjødslingsplan der areal som kan gjødslast eller jordarbeidast blir kartfesta.*

*Det må framleis kunna gis avløysartilskot til samdrifter der deltakarane avløyser for kvarandre. Og det må framleis kunna utbetalast tilskot til avløysarlaga.*

*Kommunen bør framleis kunna vurdere om tilskot skal avkortast når det er gitt feil opplysningar.*

Med helsing  
Plan og forvaltning

Kleppa, Torborg  
rådgjevar jordbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur*

**Vedlegg:**

HØYRING - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG  
AVLØYSARTILSKOT

## Saksframlegg

| Saksbehandler   | Arkiv    | ArkivsakID |
|-----------------|----------|------------|
| Kleppa, Torborg | K1 - 000 | 14/904     |

| Saksnr | Utvalg                        | Type | Dato       |
|--------|-------------------------------|------|------------|
| 090/14 | Areal- og forvaltningsutvalet | PS   | 14.10.2014 |

### HØYRING - FORSLAG TIL NY FORSKRIFT OM PRODUKSJONSTILSKOT OG AVLØYSARTILSKOT

**Vedlegg:**

Høring av forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket  
366734.pdf  
366680.pdf  
366707.pdf

**Forslag til vedtak:**

Hjelmeland kommune har følgjande merknader til forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og tilskot til avløyning ved ferie/fritid:

Føremålet med den nye forskrift er blant anna å få ei forenkling. Det har ein til ei viss grad oppnådd, men kommunen vil peike på at den gjennomgåande tonen i forslaget er at det er mindre formalkrav til søkjaren/søknaden. Dette kan sjåast på som ei forenkling, men vil vera meir arbeidskrevjande for forvaltninga fordi det medfører ein større og meir omfattande bruk av skjønn. Reglar som krev skjønnsvurdering er også vanskelegare for bøndene å forhalda seg til.

Grunnvilkår om produksjon på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom bør oppretthaldast. Dette for å hindra rein industriproduksjon, og for å byggja opp under landbrukseigedommen som grunnlaget for landbruksdrift i distrikta.

Fjerning av særreglane for samdrifter krev overgangsordningar i forhold til areal- og beitetilskot.

Miljøkrav som gjeld vegetasjonssoner langs vassdrag må anten vera knytt til eit min. avstandskrav frå vassdraget eller knytast til gjødslingsplan der areal som kan gjødslast eller jordarbeidast blir kartfesta.

Det bør framleis kunna gis avløysartilskot til samdrifter der deltakarane avløyser for kvarandre. Og det bør framleis kunna utbetalast tilskot til avløysarlaga.

Kommunen bør framleis kunna vurdere om tilskot skal avkortast når det er gitt feil opplysningar.

Forslag frå Morten Hetland,Sp:

*Endra andre avsnitt slik:*



HJELMELAND  
KOMMUNE

Grunnvilkår om produksjon på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom **må** oppretthaldast. Dette for å hindra rein industriproduksjon, og for å byggja opp under landbrukseigedommen som grunnlaget for landbruksdrift i distrikta. **Dette grunnvilkåret er avgjerande for å sikra norsk landbruk si framtid.**

*Endra nest siste avsnitt slik:*

Det **må** framleis kunna gis avløysartilskot til samdrifter der deltakarane avløyser for kvarandre. Og det **må** framleis kunna utbetalast tilskot til avløyssarlag.

Hjelmeland, den 07.10.2014

Dag Flacké  
Rådmann

Areal- og forvaltningsutvalet - 090/14

### **AFU - behandling:**

Endrings- tilleggforslag frå Morten Hetland, Sp: Samrøystes vedtatt.

Forslag frå rådmannen med vedtekne endringar: Samrøystes vedtatt

### **AFU - vedtak:**

Hjelmeland kommune har følgjande merknader til forslag til ny forskrift om produksjonstilskot og tilskot til avløyssing ved ferie/fritid:

Føremålet med den nye forskrift er blant anna å få ei forenkling. Det har ein til ei viss grad oppnådd, men kommunen vil peike på at den gjennomgåande tonen i forslaget er at det er mindre formalkrav til søkjaren/søknaden. Dette kan sjåast på som ei forenkling, men vil vera meir arbeidskrevjande for forvaltninga fordi det medfører ein større og meir omfattande bruk av skjønn. Reglar som krev skjønnsvurdering er også vanskelegare for bøndene å forhalda seg til.

Grunnvilkår om produksjon på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom **må** oppretthaldast. Dette for å hindra rein industriproduksjon, og for å byggja opp under landbrukseigedommen som grunnlaget for landbruksdrift i distrikta. **Dette grunnvilkåret er avgjerande for å sikra norsk landbruk si framtid.**

Fjerning av særreglane for samdrifter krev overgangsordningar i forhold til areal- og beitetilskot.

Miljøkrav som gjeld vegetasjonssoner langs vassdrag **må** anten vera knytt til eit min. avstandskrav frå vassdraget eller knytast til gjødslingsplan der areal som kan gjødslast eller jordarbeidast blir kartfesta.

Det **må** framleis kunna gis avløysartilskot til samdrifter der deltakarane avløyser for kvarandre. Og det **må** framleis kunna utbetalast tilskot til avløyssarlag.

Kommunen bør framleis kunna vurdere om tilskot skal avkortast når det er gitt feil opplysningar.

## Saksopplysninger:

### Samandrag

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Rådmannen tilrår at kommunen gir ein uttale til forslaget der dei viktigaste punkta er at ein ønskjer å behalda krav til produksjon på landbrukseigedom, overgangsreglar/utsett ikraftsetjing for samdrifter i forhold til arealtilskot/beitetilskot og driftssamarbeid, at mange av den føreslegne forenklingane fører til auka bruk av skjønn i forvaltninga og dermed også auka tidsbruk og auka usikkerhet hjå søkjarane.

### Fakta

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket. Med bakgrunn i jordbruksoppgjæret i 2014 og behandlinga av dette i Stortinget har departementet føretatt ei revidering av forskrifta om produksjonstilskot. Ein av dei viktigaste endringane er oppheving av særreglane for samdrifter. Som ein følge av at særreglane for samdrifter er oppheva har departementet sett behov for å revidera regelverket i forhold til driftssamarbeid. Dei har også tatt reglane om avløysartilskotet inn i same forskrift som produksjonstilskot.

Departementet skriv i høyringsbrevet at målet for regjeringa er å styrka landbruket gjennom forenkling av regelverk og verkemiddel over jordbruksavtalen. Ein del av spørsmål blei tatt opp i Stortinget si behandling av jordbruksoppgjæret i vår, og forslaget til ny forskrift tek opp desse. Dei viktigaste punkta er:

- Avvikling av særreglar for samdrifter
- Oppheving av formelle felles eigarinteresser som sjølvstendig grunnlag for å kunna avskjæra tilskot.
- Oppheving av kravet om at foretaket må vera registrert i mva-registeret eller ha hatt ein omsetning på min. 20 000 kr.
- Endra produksjonskrav for føretak med mjølkekyr eller ammekyr.
- Endring av vilkåra for tilskot til avløysing ved ferie og fritid.

For meir informasjon om forslaget til ny forskrift viser ein til høyringsbrev og forslag til ny forskrift frå Landbruks- og matdepartementet.

### Lovar, føresegner, rundskriv

Forskriftene om produksjonstilskot og avløysartilskot er heimla i jordlova §§ 3 og 18. Forskrifta om produksjonstilskot virkar i samanheng med kap. 7 i jordbruksavtalen som har føresegner om tilskotsordningar, definisjonar, satsar og utmåling av tilskot m.m.

### Økonomiske konsekvensar

For kommunen har dette ingen direkte økonomiske konsekvensar. Målet for regjeringa er ei forenkling som i prinsippet skulle tilseia at det blei mindre arbeid for administrasjonen, men forslaget legg opp til stor grad av skjønnsvurdering. Ein har erfaring med at mykje skjønn i forvaltninga ofte er arbeidskrevjande.

### Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Pr. dato er regelverket om produksjonstilskot(FOR-2002-03-22-283) og tilskot til avløysing til ferie og fritid(FOR-2006-11-08-1227) delt i to forskrifter. Kvart år gir Landbruksdirektoratet ut eit rettleiingshefte som forklarar tildeling av tilskot ut frå forskriftene og satsar vedtatt i det årlege jordbruksoppgjæret.

Næringsutvikling inkludert landbruket er eit av fire satsingsområde i gjeldande kommuneplan, og ein har sagt at ein utfordring er «Å ha ei livskraftig og sterk landbruksnæring». Vidare ønskjer me å få til «Auka nydyrking – og ta vare på dei produktive areala», «Auka lønnsemd, konkurransekraft og verdiskaping i landbruket» og tilslutt å «Styrke landbruket og produksjonen med å oppretthalda produksjonsarealet, flest mogleg gardsbruk og produksjonsmiljø».

### **Innkomne uttalar**

Saka har vore drøfta i Støtte- og refransegruppa for landbruket.

### **Vurdering og konklusjon**

#### Endra grunnvilkår:

I § 2 i forslaget går det fram at ein må vera registrert i Enhetsregisteret og driva vanleg jordbruksproduksjon for å kunna søkja tilskot. Kravet til ei minste omsetjing på kr 20 000 er fjerna, medan botnfrådraget er heva frå kr. 3000 til kr. 6000 .

Her blir det i større grad opp til forvaltninga å vurdere kva ein legg i omgrepet «vanleg jordbruksproduksjon».

Kravet om at produksjonen skal skje på ein eller fleire landbrukseigedommar er også tatt bort. Dette betyr at dersom ein elles har fått løyve til det, kan produksjonen skje på industritomter eller på ein bustadeigedom. Rådmannen er noko skeptisk til at ein heilt fjernar knytninga til landbrukseigedommar. For kraftfôrbaserte produksjonar som svin og fjærfe vil det vera råd å driva lausrive frå ein landbrukseigedom. Utan kravet om tilknytning til landbrukseigedom vil dette kunna bli ein rein «fabrikkproduksjon» som vanskeleg kan sjåast som ein ønska utvikling for norsk landbruk vidare. Rådmannen har i alle tilfelle problem med å sjå at dette kan tena distriktsjordbruket. Vidare kan det bli noko uklart korleis ein skal forhalda seg til hestehold. I dag er hest omfatta av produksjonstilskotsordninga, og det er stallar på gardsbruk som søker produksjonstilskot til hest. Om ein fjernar kravet om tilknytning til landbrukseigedom kan det fort bli eit uklart skille om når ein stall med hestar skal regnes som «vanlig jordbruksproduksjon».

#### Ulike eigarformer og driftsfellesskap:

I det nye forslaget har ein fjerna avgrensingar for kven som kan søkje i forhold til eigarskap. Det betyr at to føretak som heilt eller delvis har same eigarar kan søkje om produksjonstilskot. Også AS og samvirkeselskap kan søkje. I staden for denne avgrensinga blir det vist til at selskap som har driftsfellesskap slik at dei i praksis blir å rekna som eit føretak berre kan søkje om eit produksjonstilskot. Igjen blir det i større grad opp til landbruksforvaltninga å nytta skjønns for å vurdere omfanget av driftsfellesskapet.

Ein av dei viktigaste endringane i den nye forskrifta er at det ikkje lenger er reglar knytt til samdrifter. Tidlegare har det vanlege vore at deltakarane i samdrifter (som oftast eit DA) også har sine egne enkeltpersonføretak på kvar sin gard. Samdriftsføretaket søker då produksjonstilskot for mjølkekyr og anna storfe, og avløysartilskot. Samdriftene har heller ikkje måtta dokumentera at dei har nytta avløysarar utanfor selskapet, og har såleis fått avløysartilskot for at medlemmene i samdrifta avløyser kvarandre.

Dei ulike enkeltpersonføretaka produserer fôr, der deler av eller heile produksjonen blir seld til samdrifta. Storfeet i samdrifta går på beite på dei enkelte deltakarbruka. Dei ulike ENK søker om produksjonstilskot for grovfôrareal inkludert beite, og for ev. andre husdyrproduksjonar dei har utanom mjølkeproduksjonen. Dei søker også om avløysartilskot kvar for seg til ev. andre husdyrproduksjonar. Gjeldande forskrift gjer dette mogleg fordi det er særreglar for samdriftene (jf. § 4a i den gamle forskrifta). Desse særreglane er fjerna i det nye forslaget. Det set krav til landbruksforvaltninga må vurdere omfanget av driftsfellesskapet mellom samdriftsselskapet og dei





HJELMELAND  
KOMMUNE

ulike ENK, for å vurdere om dei kan få kvar sine produksjonstilskot eller om dei må søkje om eit samla tilskot. Så lenge summen av tilskota ikkje blir større enn eit samla tilskot hadde blitt, kan dei uansett søkje om kvar sitt. Fordi taket for dei ulike tilskotsordningane er monaleg heva vil det i mindre grad vera noko å henta på å ha fleire føretak. Det blir dessutan mindre og mindre aktuelt og attraktivt å driva samdrifter. Ulempen som følgjer av denne forskriftsendringa er truleg noko tidsavgrensa, men det vil gi store utfordringar for dagens samdriftsføretak og tilknytte ENK om denne endringa trer i kraft frå 01.01.2015. Dette fordi reglane for produksjonstilskot også må sjåast i samanheng med kvotereglane for mjølk. Eksisterande samdrifter har inngått avtalar internt i selskapet mellom deltakarane, og avtalar om kjøp og leige av mjølkekvote knytt til gjeldande regelverk. Ofte gjeld slike avtalar for minst 5 år om gongen. Kvoteariet går frå 01.01 – 31.12 kvart år, men avtalar om kjøp/leige av kvote blir inngått 1. august. Mange av dei eksisterande samdriftene har altså gjort avtalar der ein har rekna med at dagens praksis blir vidareført og dei enkelte deltakarane sine ENK også søkjer om tilskot. Dette er avtalar ein ikkje utan vidare kan gå i frå om reglane blir endra.

Rådmannen meiner at desse endringane vil føra til eit større arbeid for landbruksforvaltninga i forhold til å vurdere omfanget av driftssamarbeid. Det vil med andre ord gi auka arbeidsmengd for landbruksforvaltninga, og rådmannen trur også det gir bonden større usikkerhet i forhold til kva som eigentleg er lov.

Om denne endringa blir gjennomført meiner rådmannen at tidspunktet for ikraftsetjing bør utsetjast slik at føretaka får tid til å områa seg og gjera nye avtalar, eventuelt at det blir overgangsordningar.

#### Endra miljøkrav:

Som ein del av jordbruksoppgjeret 2014 er kravet om at føretaket skal ha ein miljøplan tatt bort frå 01.01.2015. I staden er det teke inn eit vilkår for å kunne søkje om arealtilskot at føretaket skal ha ein gjødslingsplan og føre sprøytejournal. Kravet om at ein ikkje skal gjera inngrep som forringar kulturlandskapet er oppretthalde. Vidare er kravet om ei 2 m brei vegetasjonssone langs vassdrag for å hindra avrenning erstatta med eit krav om at føretaket skal: *«ha et begrenset naturlig vegetasjonsbelte som motvirker avrenning mot vassdrag eller kanal med årssikker vannføring. Vegetasjonsbeltene kan ikke jordarbeides.»*

Rådmannen trur på mange vis at det kan vera fornuftig å erstatta kravet om miljøplan med eit vilkår om gjødslingsplan og sprøytejournal for i det heile å kunne søkje om arealtilskot. Ein er noko meir skeptisk til omgrepet «et begrenset naturlig vegetasjonsbelte». Dette er nok eit eksempel på ein del av den nye forskrifta som er krevande for forvaltninga å handtera. Rådmannen meiner det vil vera ei betre løysing om det blir sett krav til kartvedlegg til gjødslingsplanen som viser kva for areal som kan gjødslast og jordarbeidast.

#### Avløyasing:

Reglane om avløysartilskot er teke inn i den nye forskrifta §6. Her går det fram at ein ikkje kan ha avløysar med eigarinteresser i føretaket, eller ektefeller til desse. Det betyr at samdrifter må dokumentera at dei har hatt andre som ikkje er deltakarar i samdrifta som avløysarar for å kunna få avløysartilskot.

Rådmannen sitt inntrykk er at ein av dei viktigaste grunnane for å delta i samdrift er at ein får ei ordna fritid, samstundes som ein ikkje er avhengig av å skaffa seg ein avløysar. Dette fordi deltakarane har kunna la stell og tilsyn i fjøset gå på omgang, og ein har avløyst kvarandre. Etter nytt forslag kan avløysartilskot berre utbetalast til søkjaren, ordninga med at tilskotet blir utbetalt til avløysarlaget blir fjerna. Det blir også opna for at ein kan kjøpa avløysartenester frå andre føretak enn avløysarlaga. Desse endringa meiner rådmannen er med å undergrava eksistensgrunnlaget for avløysarlaga.

#### Avkorting ved feil opplysningar:

I gjeldande forskrift står det at kommunen kan vurdere å avkorta tilskotet dersom har gitt feil



HJELMELAND  
KOMMUNE

opplysningar i søknaden. I det forslaget til forskrift står et ein skal heile eller deler av tilskotet avkortast. Rådmannen vil her peika på at det finns mange ulike orsakar til at det blir gitt feil opplysningar i søknaden, alt frå rein feilskriving til at ein har misforstått ulike tilskotsordningar. Det er vår klare oppfatning at det er sjeldan at det blir gitt feil opplysningar med overlegg for å skaffa seg økonomisk vinning. Då meiner ein at det er litt paradoksalt at det elles i forskrifta er lagt opp til eit auka skjønn, medan det på dette punkta er gjort ei innskjerping av reglane og sett eit krav om at tilskotet skal avkortast utan at kommunen kan vurdera det.

#### Konklusjon:

Føremålet med den nye forskrift er blant anna å få ei forenkling. Det har ein til ei viss grad oppnådd. Rådmannen vil likevel peike på at den gjennomgåande tonen i forslaget er at det er mindre formalkrav til søkjaren/søknaden. Dette kan sjåast på som ei forenkling, men vil vera meir arbeidskrevjande for forvaltninga fordi det medfører ein større og meir omfattande bruk av skjønn. Reglar som krev skjønnsvurdering er også vanskelegare for bøndene å forhalda seg til.

Grunnvilkår om produksjon på eller i tilknytning til ein landbrukseigedom bør oppretthaldast. Dette for å hindra rein industriproduksjon, og for å byggja opp under landbrukseigedommen som grunnlaget for landbruksdrift i distrikta.

Fjerning av særreglane for samdrifter krev overgangsordningar i forhold til areal- og beitetilskot.

Miljøkrav som gjeld vegetasjonssonar langs vassdrag må anten vera knytt til eit min. avstandskrav frå vassdraget eller knyttast til gjødslingsplan der areal som kan gjødslast eller jordarbeidast blir vist i kart.

Det bør framleis kunna gis avløysartilskot til samdrifter der deltakarane avløyser for kvarandre. Og det bør framleis kunna utbetalast tilskot til avløysarlaga.

Kommunen bør framleis kunna vurdera om tilskot skal avkortast når det er gitt feil opplysningar.